

Kan FØRDE RV gå på vatnet?



Hans Jakob, Astrid og Per står på trygg grunn. RV kan neppe gå på vatnet, men vi er ikkje redde for å verte våte på føtene. RV vil vere der "handa rører vatnet" i arbeid, omsorg, kultur og liv.



Hans Jakob Reite

47 år. Har vore aktiv politiskar i 4 år i Førde bystyre. Engasjert i skule, barnehage og kulturpolitikk. Vil også neste periode forsvare ølmonopolet slik at rusbrusen innretta mot ungdom ikkje skal fløyne i Førde-butikkane. Stort internasjonalt engasjement mot krigane i Afghanistan og Irak.

Astrid Kalstveit

48 år. Satsar etter 8 år i Kulturutvalet på å bli første RV-kvinne innvald i bystyret. Ho er spesielt engasjert i miljøspørsmål og miljøvenleg sentrumsutvikling. Vern av den siste våtmarka i Førde under slagordet "La Løken leve" er mellom hjartesa-kene hennar.

Per Bjarne Ørjansen

52 år. Arbeider som familierapeut ved Familiekontoret i Førde. Likar spesielt godt å arbeide med barn og ungdom. Oppteken av i hindre privatisering av helsesektoren. Legg vekt på at Norge har råd til ein inkluderande sosialpolitikk innretta mot å fjerne fattigdomen.

Bruk RV-lista i Førde

Hans Jakob, Astrid og Per vil føre vidare arbeidet i bystyret i beste RV-tradisjon. Etter 20 år med einmanns-gruppe i kommunestyret satsar Førde RV hardt på å få inn fleire etter dette valet. Men vi stiller ikkje til val for at du passivt skal røyste på oss og ferdig med det. Vi vil bruke talarstolen i bystyret for deg og dei sakene du vil vi skal ta opp. Aktive veljarar er viktige for at RV skal kunne gjere ein god jobb i bystyret.

Det vert ekstra hardt for RV å nå fram med synspunkta sine i neste periode. Dette fordi dei avgåande politiskarane i dei store partia skar ned talet på representantar frå 35 til 27 i bystyret, og dei la ned alle utvala i Førde med eit klubbslag. Dei store partia i Førde – AP, Høgre, KrF, SP og SV - sikra seg maktmonopol ved å halde på eit stort formannskap og planutval på framleis 9 representantar.

RV fryktar for at det meste vert avgjort i formannskap og planutval i framtida, og vi fryktar mindre politisk engasjement. Vi lovar likevel å klore oss fast som det raude alternativet, og vi treng røysta di for å greie det. Det er ikkje nok at du sender slengrøyster til oss frå andre lister. Slengrøyster er hyggeleg, men skal det monne, må du bruke RV-lista. Vil du gi oss ei hand? Ditt val. Godt val.

1. Hans Jakob Reite
2. Astrid Kalstveit
3. Per Bjarne Ørjansen
4. Clemenc Schneider Acevedo
5. Bjørn Cirotzki
6. Helga Kvamsås
7. Knut Solberg
8. Ragnhild Hukset
9. Anders Braanaas
10. Sissel Zahl Eide
11. Marius Solberg Våge
12. Svanhild Handal
13. Knut Vebjørnsen
14. Hege Leivestad
15. Morten Søreide
16. Audhild Tveit
17. Maren Bruflot Slettevold
18. Arne Fiskarstrand

RV ser på Førde, Fylket, Noreg og Verda

RV ser tilbake –

Kva har RV stått for i bystyret:

- Billigare barnehagar – RV har aldri godteke auke i satsane
- Skuleutbygging – Vi har vore trufaste når det gjeld å føreslå utbygging av Sunde skule og Førde barneskule. Vi gled oss over at desse utbyggingane no er godt i gang. Innhaldet i skulen har også vore viktig; læremiddel, EDB og spesialpedagogikk.
- Kunstskule. RV har gått i spissen for at borna i Førde skal få kunstskuletilbod.
- Pornoaksjon. RV gjekk i spissen for å få fjerna den grove pornoen på Narvesen utstilt ut mot buss-stasjonen midt i synet på store og små.
- Indre fjordbasseng i Førdefjorden må få puste. Førdekloakken må rensast snarast.
- Skrivarløa – RV sette fram forslag om løyvingar i bystyret, men fleirtalet la ned.
- RV røysta som einaste parti mot veg over Løken ved den nye sjukeheimen.

og framover i perioden 2003–2007.....

Vi vil investere i ungdom, skule, kultur og miljø

- Skrivarløa må inn på kommunebudsjettet igjen, og drifta må sikrast. Dugnadskreftene treng meir støtte, også med pengar.
- Meir til drift av skulen; data, læremiddel og spesialpedagogikk
- Førde RV vil ha maksimalt 22 elevar i klassane.
- Kulturskulen i Førde må utvidast med kunst og drama.
- Førdekloakken må rensast før den går i fjorden – kun det beste renseanlegget er godt nok.
- Det må verte slutt på at organisk avfall vert blanda på fyllinga i Hesjedalen. Gi oss den tredje dunken no!

Sosialpolitikk – førebygging er viktig

- Konkurransesamfunnet bygger på store økonomiske og sosiale skilnader mellom folk. I Førde med sterk tilflytting er det særleg viktig at vi tek vare på kvarandre. Folk treng trygge nettverk der dei bur og arbeider, på skular og i barnehagar og i eit mangfald av frivillig organisasjonsliv.
- Førde kommune må setje inn meir menneske-ressursar i sosial omsorg. Vi må ta fattig-problemet på alvor. Folk må få jobb og ei løn å leve av. Trygd og sosialhjelp må baserast på det folk treng for å leve eit normalt liv i samfunnet.

Ungdomsretta nærings- og kulturpolitikk:

- Skal Førde trekke til seg ungdom i framtida, så må vi ha eit breitt næringsliv. Landbruk, matvare- og verkstadindustri har solide tradisjonar i Førde, men vi ser at dette no raknar. Det er staten sitt ansvar at desse næringsgreinene får tilfredstillande rammevilkår. Førde RV støttar arbeidarane i kampen for verftet.
- Offentleg sektor med administrasjon og store helseføretak er ein viktig del av arbeidstilbodet i Førde. RV ser med uro på Høgre-regjeringa si privatisering. Vi må slå denne politikken tilbake før det er for seint.
- Ungdomen vil også etterspørje kompetansesarbeidsplassar i nye yrke i framtida. At Førde vert handelssenter er ikkje nok for å trekke til seg ungdom. Førde må også utvikle kulturlivet på ein måte som tiltalar ungdomen. Dette kan aldri gjerast ved at "gubbane" utviklar kulturlivet på vegne av ungdomen. Vi må sleppe ungdomen til.

Arealbruk og trafikk:

- Vi vil fortette sentrum. Førde sløser med arealet i sentrum. Garasjane og verkstadene til Firda Billag må ut av sentrum.
- Parkeringsavgift i sentrum kan finansiere ei sterkare satsing på kollektivtrafikk
- Nei til Elvegata og veg over Løken ved den nye sjukeheimen. Ja til fleire gang og sykkelstiar. Vi må utvikle vakkert grøntareal langs elva.

Førde – den grønne byen

Vi er glad i Førde med elvar, fjell og grønne flater, med folkemusikkfestival, dugnadsånd og aktive nærmiljø. Vi gler oss over eit mangfaldig og aktivt kulturmiljø. Vi er glad i turområda i Førde og nærmiljøanlegga på Langeland og i Blomlia. Vi prioriterer:

- Satsing på sentrumsutviklinga må halde fram. Dei nye bruene i sentrum legg til rette for bypark på Utstillingsplassen slik at både husdyrutstillingar og "skatearar" kan finne sin naturlege plass. Gangbru må byggast frå Sparebanken til Tangen nedanfor Utstillingplassen.
- Landbruket må få vilkår for velstelte gardar.
- La Løken Leve! Nei til veg over Løken ved sjukeheimen.
- Ja til eit vakkert og grønt Førde.

Førde i Sunnfjord og i Sogn og Fjordane

- Førde har i dag viktige sentrumsfunksjonar i region og fylke. Det er viktig at Førde greier å utvikle denne rolla utan å verte ein ufordrageleg storebror som skal ha alt.

- Skal det opprettast ein ny kommune av Førde, Gaular, Jølster og Naustdal må det vere fleirtal i folkerøystinga i alle dei fire kommunane.
- Det er viktig at snevret sentrumperspektiv ikkje får dominere i høve til nabo-kommunar og utkantkrinsane i Førde.

Fleire innvandrarak til Førde

- RV går inn for at Førde aukar talet på flyktningar. Det er vår plikt å hjelpe. RV kjempar mot rasisme.
- Førde vil også verte rikare om vi får fleire kulturar på vitjing. Vi må la ånda til Folkemusikkfestivalen vare heile året.

Er krigen i Irak lokalpolitikk i Førde?

- Vi meiner ja. RV fører ein heilskapleg politikk. Derfor er det viktig at internasjonale perspektiv også er ein del av Førde. Krigen i Irak og okkupasjonen der er i strid med folkeretten. Vi synest styresmaktene våre burde protestert langt hardare mot USA.
- Det er ei skam at Noreg deltek i krigen i Afghanistan. RV går i spissen for å avsløre USA sine krigar om olje og verdsherredøme. Vi må vere sand i USA sin propaganda- og krigsmaskin.

Svult og overflod

Vi lever i ei verd der samanhengane er klare. RV dreg internasjonale perspektiv inn i den lokale debatten. Lokal matvareproduksjon på Hafstadflata er ein del av internasjonal matforsyning og beredskap. Mange vil kalle oss naive, men vi kallar det heilskapstenking. Vi vert oppgitt når den tyske lågpriskjeda LIDL skal etablere seg med hus og parkeringsflater på det gode jordbrukslandet på Hafstadflata. Sukk!

Makttilhøve og kvinnepolitikk

- RV er imot at nokre få skal tene seg rike på andre sitt arbeid. Eit samfunn og ei verd der fri marknadskonkurranse er herskande, vil føre til ulikskap og utbytting.
- Kvinneundertrykkinga vert forsterka av marknadsløvene. Kvinner er ofte lågtlønna. Kvinner har oftast hovudansvaret heime, og dobbeltarbeidet gjer at dei kjem dårleg ut i lønskampen. Kvinneundertrykkinga verkar også kulturelt. Spreiing av porno påverkar syn på kjønn og seksualitet. Vi må heller ikkje gløyme dei kvinnene og borna som vert forbrukte i produksjonen av porno. Porno er ikkje yringsfridom. Menn og kvinner må ta ansvar for kvinnefrigjeringa, og vi må krevje at styresmaktene legg tilhøva til rette for det gode kvinneliv.

For eit økologisk samfunn

- Eit konkurransesamfunn vil alltid føre til rovdrift på naturressursar og ureinig, og det kan ikkje sameinast med eit samfunn i økologisk balanse. Derfor kjempar RV for eit samfunn der marknadskreftene vert avskaffa og folk på ein betre måte kan bestemme over eigne liv. Dette samfunnet ligg langt fram, men vi stiller RV-liste i Førde som ein del av dette arbeidet.
- Vi vil fremje heilskapleg økologisk politikk på lang og kort sikt. Lokal økologisk matproduksjon er saman med økologisk tenking omkring transport og økologisk avfallshandtering viktige berejklar i arbeidet for eit samfunn i økologisk balanse.

Staten og EØS:

- Kommunane i Noreg er lutfattige, medan staten er oljerik. RV krev at partia på Stortinget har same synet på kommuneøkonomi i Storting og kommunestyre. Det er Stortinget som legg rammene.
- Staten seier: Vi kan ikkje bruke meir pengar på velferd, då dette fører til oppheiting av økonomien, høg rente, prisstigning eller annan styggedom. RV trur ikkje at meir til helse, barnehage, skule og kultur hetar opp økonomien. At kvinner i offentleg sektor får lønsauke er ein god ting. Skal økonomien kjøllast ned, så er det Røkke og Handelshusa som må i fryseboksen.
- EØS-avtalen legg stadig oftare si klamme hand over Noreg og kommunane. Vi vert overstyrte frå Brussel. RV slår ring om sjølvråderetten og vil ut av EØS snarast råd.

